

EMELANKTON AADNESEN

Ein 100-års veteran i bygdemuseet

TOBIAS SKRETTING

Emelankton Anskar Aadnesen, f. 20.9.1889.

Foreldre: Andreas Aadnesen og hans andre kona Serina f. Stangeland.

Gift 1915 med Helena f. Aniksdal.

5 barn.

Andreas Aadnesen dreiv fargeri og forretning på Nærøfjord frå 1885. Tri av sønene hans, Andreas jr., Randolph og Emelankton har drive verksemda vidare som eit fargerikt innslag i stasjonsmiljøet på Nærøfjord gjennom eit par mannsaldrar. Andreas jr. overtok faren si forretning, Randolph (nå Paul Aadnesen) og Emelankton bygde opp sine eigne.

I ungdomen gjekk Emelankton i maskinistlære. Han var hjå Underhaug på Nærøfjord, Kverneland fabrik, i Flensburg i Tyskland og på Rosenberg. Der tok han også Teknisk Aftenskole før han i 1915 kom attende til Nærøfjord i lag med kona. Her tok han ymse oppdrag som mekanikar og rørleggsarbeid samstundes som han bygde opp si eiga forretning, m.a. med ei forvitneleg innkjøpsreis til Tyskland i inflasjonstida etter verdskrigen, ei reis han ofte fortel om. Han kom heim med syklar og andre varer som sidan har følgt vareutvalet i den rikhaldige krambua der han framleis, 100 år gammal, tek sin daglege tørn.

Emelankton er som eit levande eventyr på så mange måtar. I denne artikkelen skal me særleg sjå på Emelankton sin innsats for kulturvernet.

Bygdemuseet byggjer på eit ideologisk grunnlag som vart utforma i overgangstida frå det gamle tradisjonsbundne bygdesamfunnet til nytida si urbanisering og industrialisering. I det gamle bygdesamfunnet tufta på naturalhushaldet, var endringane små i ein levealder og menneska hadde ei breid kontaktflate bakover til sine eigne røter.

Så kom det store brotet då ein på kort tid fekk heilt nye leve tilhøve, det gamle vart kasta og tradisjonsbanda brotne. Folket var vende mot framtida og opptekne av framgangen i ei næraast total ned-

vurdering av sin eigen fattigslege barndom og foreldra sitt tusenårgamle slit.

Og med god grunn. Det var mykje som trong utlufting og nybygging, det var trond for opplysning og nye tankar. Lenge nok hadde "den gemene hob" gått med bøygd hovud og audmjukt sinn. Framgangen var nødvendig, og heile samfunnet måtte omformast for å gi menneskeverdet rom og rett.

Men det var diverre også slik at folk ikkje var merksame på verdiane som låg i det gamle. Noko



auf Nasheim

1985

Eonelankton Adressen.

vart teke vare på av utanlandske samlarar, men det aller meste vart berre kasta og øydelagt. Heldigvis var det einskildpersonar som gjekk mot straumen også då, som stilte spørsmål om det var rett å kasta frå seg arven frå fedrane. Eit pionerprosjekt var Foreningen til norske fortidssminnesmerkers bevaring, grunnlagt av J.C. Dahl i 1844. Det er vel dette me kan takka at me i dag har att nokre få av dei særmerkte norske stavkyrkjene. Norsk Folkemuseum på Bygdøy vart skipa i 1894. Tannlækjaren Anders Sandvig grunnla De Sandvigske samlingar med museet på Maihaugen ved Lillehammer som vart opna i 1904 med Anders Sandvig som direktør fram til 1946. Han var då 82 år gammal og stod som den ruvande Grand old Man i folkemuseumsmiljøet.

Også ute på bygdene hadde me slike idealistar som såg verdiane i sitt eige lokalmiljø og som la ned eit grunnleggjande arbeid for å ta vare på arve "sølvet". Og når eg her set "sølvet" i hermeteikn, er det for å markera at dette var noko som slett ikkje var noko verd i vanlege folk sine augo.

Det var utslitne, jarnskodde trespadar, morretne utkasta bord og stolar, gammalt heimelaga handverkarutstyr, eit utslite åkle eller ei pinnhuve, den avdanka veggklokka, falleferdige hus og lører, ihopsigne kvernhus og forfalne naust. Det var "gammalt skrot" som tida hadde fare frå og som anten var kasta på røysa eller framleis stod att i ein og annan "gammeldags" heim der eit arveskifte kunne gjera reint bord.

Midt i dette tusla det lokalkjende Askeladdar som på eige initiativ og eigen kostnad la ned tid og interesse i eit framtidsretta vernearbeid. Typen er velkjend som ein del av bakgrunnen for kvart einaste bygdemuseum.

I dag er dei borte.

Ja, dei høyrer pionertida til og i dag når me dei berre gjennom ettermælet i bygda si soge. Dei har sjølv vorte ein del av den same arven som dei så ihuga og lite påakta tok vare på for oss. Me skal minnast dei med vørnad og takk!

Vørnad og takk, blanda med undring, er også kjensler som trengjer seg fram når eg møter vår eigen, kjære pioner og bygdefar Emelankton Aadnesen på Nærø. 100 år gammal i år og ein heilt udiskutabel del av Nærøbygda si soge, dagleg å finna i krumbua som han sjølv grunnla i 1915 og som sidan har vore ein del av miljøet i stasjonsbyen. Ja, Emelankton er sjølv soge og tradisjon, men samstundes ein aktiv og interessert medborgar i vår eiga tid. Med vilje til innsats og ivreg agiterande for sine særmerkte interesser gjennom eit langt liv er Emelankton framleis aktivt med.

Emelankton Aadnesen fekk Hå kommune sin kulturpris for 1988. I grunngjevinga for tildelinga heiter det:


"Emelankton Aadnesen har gjennom eit langt liv vore ein iderik og aktiv medborgar i Nærøbygda. Han har i sitt virke vore ei drivkraft i det friviljuge lags- og fritidsarbeidet. Med sine vidfemnande interesser, særleg då innan historie og friluftsliv, har han både vore ein aktiv forskar og gjort eit stort og verdfullt arbeid for å auka interessa og forståinga for desse verdiane i lokalmiljøet. Av Emelankton sin livslange innsats kan nemnast i stikkordsform:

- Påvist ei mengd steinalderbuplasser, særleg på Høg-Jæren og i Ogsa. Åresmedlem av Arkeologisk Museum, Stavanger.

- Tok initiativ til, og fekk gjennomført, transport og oppsetting av steinstatuen "Steinkjerringa" i Aniksdalsheia.
- Tok initiativ til oppstæting av speiderlag på Nærø i 1931.
- Tok initiativ til bygging av Jadarheim, huset til Losje Jadar.
- Tok opp arbeidet med eit Nærø bygdemuseum (vidareført ved Rogaland Folkemuseum, seinare Hå kommune).
- Aktiv i Nærø Skyttarlag.
- Aktiv i Nærø Spel-lag (eit amatørteaterlag tidleg på 1900-talet.)
- Har som mangeårig amatørfotograf bygd opp eit stort privat fotoarkiv.
- Har ved personlege notat, særleg då ved systematisk dagbokskriving i krigsåra, eit skriftleg arkiv av uvurderleg verdi. Det er å vona at E. Aa. sitt private arkiv, foto og notater, kan verta offentleg sikra og tilgjengeleg for forskning og bruk".

Denne summariske opplistinga av nokre av alle dei tiltaka Emelankton har vore med på, syner eit mangfold av interesser. Det fortel også om vilje og evne til å setja ideane ut i livet. Nå er sjølvsagt det rike friviljuge arbeidet som me finn i Nærø i dag, eit resultat av felles arbeid frå generasjon til generasjon. Og mange personar og grupper har vore med i arbeidet. Men eldsjelene er alltid viktige. Og ei slik eldsjel har Emelankton vore like frå tettstadmiljøet kring Nærø st. vaks fram.

Emelankton er ein særmerkt forteljar og likar godt å slå av ein drøs i krambua. Som døme vil eg her ta med noko han fortalte den 10.mai 1989, nokolunde med hans eigne ord:



*Fig. 2
På Steinkjerringa 1930. Frå venstre: Jonas Ueland, Gerhard Njølstad, Andreas E. Aadesen, Brede Helmsgård og Sverre Opstad.
Foto: Emelankton Aanesen
* Hå Folkebibliotek, biletssamlinga.*

Interessa for arkeologi vart vekt då far hadde kjøpt 10 mål jord av Martin Edland. Eg og halvbror Lars spadde oss fram veg langs skiftet med Mortens-garden frå den vegen som gjekk frå Skjeraberget til Bøkrossen. Me skulle ta 6' til veg. Kom då i kanten på ein stor gravhaug (den som er ved Ivar G. Lode) og der måtte me spa ekstra djupt. Her fann eg først ei svært fin, slipt flintøks. Lenger inn i haugen kom me til eit holrom og vart svært ivrege. Her fann me ein underkjeve med tenner i og

ein rund, avlang kvartsstein som Lars Tjøtta seinare sa var eit bryne til å kvessa flinten med.


Utpå sjølve stykket vårt fann me ei mengd med "blomster-potter" fylte med bein. Dei låg ikkje djupt. Me spadde fram den eine etter den andre og kappast om å finna den finaste. Krukkene var heile og mange var fint dekorerte. Me brydde oss ikkje så mykje om krukkene, men me fortalde Flinta-Lars om dei. Han tok med seg flintøksa.

Far kjøpte også omlag eit mål av Mortens-garden rett ved stykket av Edlands-garden. Dette dyrka Hans Risa Rangen med spade og brot. Eg huggar det så godt for Hans Rangen låg i senga mi den tida han arbeidde der. I eine hjørna på dette stykket var det ein stor stein. Frå istida. Framanom steinen var det fullt av flint under torva. Dette stykket ville plent Karen på Myrå (Karen Torland - ho var æresmedlem i losjen) kjøpa og ha til hønsegarde. Ho budde i det huset som Ragnar Fitje har nå. Ho fekk kjøpa stykket, men far tinga seg attkjøpsrett dersom ho skulle trega og selja att.

Bø har vore ein stor gard med masse graver og dyrka jord. Trælane vart gravlagde i lange gravrøyser, danskane kallar det "træladysser". Dei vart berre lagde etter einannan og kasta over litt jord og Stein etter kvart. Dersom dei åtte noko sjølv, fekk dei dette med seg. Men det var ikkje stort meir enn ei bronsespenne som held kleda saman.

Ånestad var og ein stor gard. Hjå Elling Ånestad er det to lange trælegraver med 2 - 3 m mellom, omlag så høge som disken her (i krumbua). Dei syner godt den dag i dag. Der er også 7 store grav-

Fig. 3
Grødalands Bygdetun, Nærbo 1988.
Foto: Aadne Stangeland





haugar som ligg tett i tett i ein liten hage rett sør for husa. Staden heiter Raudaland. Elling måtte ta den eine for å koma gjennom med veg til jorda bortanom. I det gravkammeret fann han ei mengd perler av ymse slag og kulør. Han samla full hatten og tok med inn. Eg fekk sjå dei og fekk lov å ta med Jan Pettersen ut. Me kom der med bil ei vekes tid etter. Pettersen teikna opp gravene og fekk perlene med seg i ei pappøskje.

Jan Pettersen var godt kjend på Jæren. Han kjende alle folk. Han fekk fart på museet i Stavanger. Også

på Tvihaug er det graver. Pettersen fekk ikkje greie på desse.

Heile Ånestadmarka opp til Steinane har vore dyrka. Der er tett i tett med rudningsrøyser.

Det stod stykke om Ole Pallesen i Jærbladet i dag (i samband med 100-års dagen 13.5). Ole var ein livleg kar som alltid følgde med og kommenterte det han såg.

Me gjekk til Hå med foræring til presten då me skulle konfirmerast. Der fekk me sjokolade og heile (runde) sukkerkavringer, massevis. Presten Holm sa


Fig. 4

"Kunst frå istida"

Helena og Emelankton på tur i Uelandsmarkene kring 1930.

Foto: Emelankton Aadnesen

* Hå Folkebibliotek, bilesamlinga.



at om det var noko me ville gi han, kunne me leggja det på bordet der. Så gjekk han ut i eit anna rom.

Anna til Per Grødal land løfta opp på bordet ein stor ambar med nykinna smør. Abraham på Hyttebakken la 10 kr på bordkanten. Noko seinare gjekk han fram att og la 10-kroningen lenger inn på bordet. Då sa Ole Pallesen:

"Du tar 'kje flytja solles på an, me he sitt tikroninen din!"

Gabriel i Steinen hadde vore hjå Garvaren (Sørreien) og veksla ei heil krone i 2-øringar. Han tømde heile lomma på prestebordet. Dei fleste gav 2 kr. Det hadde me vorte enige om. Og eg kan ikkje hugsa noko til at Torgeir Edland heller gav meir. Han pleide køyra når me skulle til Hå og eg sat ofte på med han.

Presten var redd for oss og følte ansvar for oss. Han åtvara oss mot å gå langs sjøen. Me måtte følgja vegen, sa han. Men du veit, me lika oss betre i stranda.

I Fuglevika var det mange graver omrent der H. Njærheim har støypt opplagplass for tare. Minst eit par hundre, trur eg. Det var berre avlange firkantar med ei ramme av større steinar, 8 - 9' lange. Dei kom vekk. Det var nok også trælegraver. Dei som åtte jorda, fekk gravhaugar og fekk meir med seg i grava.

* * *

Ja, dette var eit døme på Emelankton sin forteljekunst. Eit talent som også har vore nytt til kåseri og omvisingar, t.d. på Grødal land. Det meste har han i minnet, men han har også mykje nedskrive. Om opptakten til eit "Nærø Bygdemuseum" skriv han i sine nedteikningar: "Den 10.januar 1947 skrev eg brev til Hans Reime som eier det gamle hus på Grødeland. Dette hus har tilhørt Per Grødeland sist. Om dette hus skrev jeg til Hans og sa at jeg den 31.12.46 var valgt av Nærø kommune til å ivareta kommunens interesse i dette om at skaffe Nærø et Bygdemuseum.

Jeg bad ham om å tenke over dette en måneds tid, så skulle jeg komme ned og snakke med ham om han kunne selge det. Om huset kunne stå der, eller om han hadde noget imot hvis det blev flyttet".

Arbeidet med Grødal land vart seinare kopla saman med Rogaland Folkemuseum og resulterte i at RF kjøpte tunet i 1950, seinare utvida med tunet på nabobruket ved gave frå Nærø Skogselskap i 1958. Emelankton skriv:

"Grødelandstunet blev innviet søndag den 14. september 1952. Dermed har en gammel jærsk heim vorte verna for framtida".

Men Emelankton arbeidde framleis med tanken om eit Nærø Bygdemuseum. Og i 1954 kjøpte han, ved Nærø Bygdemuseumslag, det gamle huset hjå T.T. Obrestad. Her la han ned mykje arbeid både ved ei begynnande museumssamling og ein freistnad på å stoppa forfallet og få huset i stand att. Me anar også noko av kosen og stemninga som ein museumsinteressert finn i arbeidet sitt, når han t.d. skriv:



Fig. 5

Helena og Emelankton heime i stova, 1928.

* Emelankton Aadnesen

"Jeg så litt opp på høgaloftet, her må jeg ha en god lommelykt til neste gang for der oppe er museum med det samme. Her fant jeg 2-3 av di første glassruter i Norge, di som lagtes av det grønne glas med en rund kull i midten og så klemt flatt til sides. Jeg tok også ned fra høgaloftet 2 utslipte gamle ljår, meget morsomme. Disse gamle vindusglass er uhyre skjeldne ting i dag, dette vil bli en stor raritet".

Huset på Obrestad var svært dårlig. Og Emelankton skriv ein stad om samlinga: "Foreløpig på Obrestad og senere, i nytt hus på Nærø". Men arbeidet med eit Nærø Bygdemuseum køyrdde seg fast og Emelankton må berre slå seg til ro med at:

"Da Rogaland Folkemuseum kjøpte Grødeland i Nærø for kr 6 000,- uten grund, så var det ikke av interesse å ha to bygdetun i Nærø. Jeg flyttede så alt fra Obrestad til Grødeland, og huset som var meget dårligt, solgte jeg til høystbydende Helge Salte Bøbakkane, Nærø for kr 300,-.

Og dette beløp og bankboken med blev overlevert til Rogaland Folkemuseum ved formannen Peder Heskestad i 1960".

Men interessa for kulturvernarbeidet minka sjølvsgått ikkje hjå Emelankton. Og både Rogaland Folkemuseum, AMS og Hå Bygdemuseum har hatt glede og nytte av Emelankton sin kapasitet.

Friluftsmannen skulle også hatt sin plass i denne portrettkissa. Emelankton kjenner jærnaturen som få andre, både som sportsfiskar, markavandrar og arkeologisk stifinnar. Men me får nøya oss med å ta med den helsigna han sjølv bar fram ved utdeling av kulturprisstatuetten til tidlegare prisvinnarar på Hå gamle prestegard den 26. februar i år. Helsinga




Fig. 6
Losjehuset Jadarheim på Nærø bygd 1924.

Portstolpane er deler av same monumentet som "Steinkjerringa" opprinnelag høyrd til.

Foto: Emelankton Aadnesen 1928.

* Hå Folkebibliotek, bletsamlinga.

var forma som ei oppmoding til politikarar og alle gode støtter for saka:

"De må syta for fredning av Aniksalsheia kring Steinkjerringa. De må ikkje la marka verta øydelagd"!

Ja, det bør me gjera. Personleg skulle eg gjerne freda Emelankton også, men når alt kjem til alt er me alle under dei evige livslovane, også den livsglade 100-åringen i krumbua på Nærø. Krumbua der eg går inn med forventning og ut med takksemid.

Takk skal du ha, Emelankton!